

01.01.2015

PROSJEKTSKILDING - TA VARE PÅ MATJORDA



Nytt jordbruksareal lagd av tilførete

Innholdsfortegnelse

BAKGRUNN	2
1.0 PROSJEKTET SITT MÅL	4
1.1 FRAMDRIFT:	4
1.2 UTARBEIDE PROSJEKTPLAN	5
2.0 ORGANISERING OG BEMANNING	6
3.0 ØKONOMISKE RAMMER/BUDSJETT	6

Bakgrunn

Det har vore gjennomført eit forprosjektet – *Ta vare på matjorda* - i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og kommunane i Nordhordland. Bakgrunn for dette er store utbyggingar til næring og bustadbygging i Nordhordland som gjev store overskot av jord- og steinmassar som må handterast. Framover er det store utfordringar knytt til utbygging i Mongstadområdet og sørover. Kommunane har hatt ulike tilnæringer for løyse dette, og det manglar ein felles forvaltningspraksis for å handsama dette på ein samfunnsgagnleg måte.

Styringsgruppa har vore samansett slik:

Asbjørn Toft, plansjef i Austrheim kommune

Trygve Torsteinsen, konsulent hos Norsk Landbruksrådgiving

Magnar Askeland, bonde i Meland kommune

Astrid Holte, rådgjevar hos Fylkesmannen i Hordaland, miljøavdelinga

Laila Bjørge, landbrukssjef i Meland kommune

Eli Bjørkelid, konsulent i Meland kommune

Mykje jord har og vorte teke i mot og nytta av landbruket til forbetring av eksisterande jordbruksareal, men ikkje utan gnissingar mot resten av samfunnet og til ein viss frustrasjon både for bonden som tek i mot masse og for forvaltninga i kommunane som skal freiste halde kontroll over kva som skjer.

Matjord og jordsmonn er ikkje fornybare ressursar som det må vere samfunnet si oppgåve å sikre. Men denne problemstillinga er enno ikkje fullt ut erkjend, og dette ligg bak at entreprenørane og planleggarane enno ikkje har for vane å tenke på massehandteringa når dei planlegg prosjekta sine. Kommunane som ansvarleg planmynde har heller ikkje hatt fokus på dette spørsmålet, samstundes som planverktøyet er for svakt i høve til at planmynde får tyngde nok og innsikt nok til å stille krav i samband med utarbeiding og godkjenning av utbyggingar som generere stor overskot av masse – jordbruksjord, anna jord, stein og diverse fraksjonar av ureine massar.

Forprosjektet har munne ut i eit forslag til vidare arbeid (hovudprosjekt), med tanke på å finne ålmenne løysingar på desse spørsmål, som kan leggest til grunn for utarbeiding av prosedyrar, endring av regelverk og føresegner, slik at ressursane kan takast vare og nyttast

til landbruksproduksjon eller på anna vis komme samfunnet til nytte, også etter at dei er flytta.

Del 1.

Landbruksrådgivinga v/ Trygve Torestein har laga ei ei prosjektgruppe bestående av Olav Martin Synnes, NLR Møre og Romsdal og Are Johansen, NLR Nordland, samt Samson Øpstad, Bioforsk. Dei søker å få til eit samarbeid landbruksrådgivinga og fylkesmannsembeta i fleire fylke og bioforsk. Dei er i gang med å få finansiert eit større prosjekt: Håndbok i flytting av jord, der målgruppen først og fremst er maskinførara, entreprenørar og byggherrar på den ene siden, og kommunale sakshandsamarar på den andre – og kanskje ein grunneigar i midten.

Del2.

Rettleiar for kommunal sakshandsaming der det eksisterande lovverket vert gjennomgått. Korleis og når bør/må massehandtering inn i areal/reguleringsplaner. Samt ein gjennomgang av ansvar og rutiner, korles vurdere tiltakt, prioritering og oppfølging av tiltak.

Hovudprosjektet byggjer i stor grad på forprosjektet sine konklusjonar og arbeid. Prosjektet er tatt inn som tiltak i klimaplanen sitt handlingsprogram – Hordaland fylkeskommune 2015.

Fylkesmannen har oppmoda kommunane i Nordhordland til å søkja skjønnsmidlar til eit hovudprosjekt.

1.0 Prosjektet sitt mål

Nytta massar frå utbygging som ressurs til nytte for matproduksjon/landbruk og samfunn på ein måte som førebygg konflikter med innbyggjarane og miljøet.

Strategi: Rettleiar for massehandtering knytt til offentlegrettsleg handsaming

Veileder for kommunal saksbehandling:

a. Eksisterende lovverk

- i. Plan og bygningslov, forurensingsloven, jordloven, etc...
- ii. Forskrifter, tekniske retningslinjer etc...

b. Planlegging

- i. Hvordan og når bør/må massehandtering inn i areal/reguleringsplaner?

c. Ansvar og rutiner

- i. Vurdering av tiltak
- ii. Prioritering av tiltak
 1. Landbruk – hvilke arealer (type)
- iii. Oppfølging av tiltak

Strategi: Kompetanseoppbygging

- Kurs for grunneigarar og entrepenørar:

Laga til eit kursopplegg retta mot grunneigarar, bønder og entrepenørar for å heva kompetanse og forståelse knytt til jordmassar og korleis desse bør handterast for å oppnå eit godt resultat ved etablering/oppgradering av jordbruksareal

- Seminar for forvaltninga:

For å setja fokus på både utfordringar og positive effektar av å nytta jordmassar til jordforbetring og oppbygging av nytt jordbruksareal bør det lagast til eit seminar for ulike forvaltningsnivå.

1.1 Framdrift:

- Rettleiar ferdig 1.mars 2016
- Kurs gjennomført vinter 2015/2016
- Seminar for forvaltninga i kommunane i Nordhordland ferdig april 2016

1.2 Utarbeide prosjektplan

Pilotprosjekt – å lære gjennom å gjera:

- A) Erfaringar frå Austrheim kommune: Kommuneplan som verktøy for massehandtering?
- B) Erfaringar frå Lindås: kommunedelplan for massehandtering knytt til Mongstadutbygginga
- C) Erfaringar frå Meland: lokale massar av mindre omfang til jordforbetring av enkeltteigar – plan på den enkelte gard eller kommunedelplan massehandtering

1) Definisjonar: kva er massar ++

2) Klargjering av rammene i eksisterande lovverk

Plan og bygningsloven, forurensingsloven, jordloven, naturmangfaldlova, Veglov/vegstyresmaktene

3) Klargjering på korleis handtera tiltak /samordna dei ulike lovverka

Grenseoppgang etter omfang og kompleksitet (finna beste praksis)

- a. Når er det fornuftig å handsama tiltaket etter forskrift om bakkeplanering nydyrking
- b. Når bør der koma reguleringskrav?
- c. Når krevst dispensasjon frå arealplanar?
- d. Når er det søknadsplikt etter pbl? ansvarrettar?

4) Kva krav skal stillast for dei ulike søknadstypar, profilar, plan for gjennomføring, miljøutgreiingar m.m?

- a. Ansvar og rutiner
 - i. Vurdering av tiltak
 - ii. Prioritering av tiltak
 - iii. Landbruk – kva areal (type)
- b. Oppfølging av tiltak

5) Klargjering av sektormynde sine ansvarsområde

Fylkesmannen (pbl), SFT (miljødirektoratet) Miljøvernavdelinga, statens vegvesen, kommunane, HFK

6) Korleis handtera massar i plansamanheng

- a. Overordna planar som kommuneplan – arealdel, ROS
- b. Kommunedelplanar

- c. Reguleringsplanar, områdeplanar, føresegner, rekkefølgekrav, igangsetjingsløyve
- d. Utbyggingsområde som generer massar
- e. Areal som skal ta mot massar

7) informasjon/ kommunikasjon og kompetanse mot grunneigar, entreprenørar, utbyggerar, planleggarar, forvaltninga

- a. kursing
- b. seminar

Avgrensingar:

Rettleiar for kommunal sakshandsaming i regionen bygd på erfaringar og utfordringar framover knytt til utbygging på Mongstad og andre stader i regionen.

2.0 Organisering og bemanning

Prosjekteigar	Nordhordland Utviklingsselskap IKS (Regionrådet i Nordhordland)
Styringsgruppe:	Asbjørn Toft, Laila Bjørge, Kjartan Nyhammer, Thomas Lindås,
Prosjektleder:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Referansegruppe:	Astrid Holte (FM), Snorre Waage (Karen Nybø) (HFK), Trygve Torsteinsen,(Landbruksrådgivinga), Magnar Askeland, bonde, regional entreprenør
Arbeidsgruppe:	Asbjørn Toft, Laila Bjørge, Kjartan Nyhammer, Thomas Lindås,

3.0 Økonomiske rammer/budsjett

Kostnader	Sum
Prosjektleder (30 % årsverk med kostnader)	220 000
Arbeid / timar i ulike kommunar, styringsgruppe, referansegruppe, arbeidsgruppe.	230 000
Møter / reiser	50 000
Kurs/seminar/informasjonsstiltak	50 000
Administrasjon, diverse trykking m.v.	50 000
SUM	600 000
Inntekter	
Fylkesmannen, skjønsmidler	300 000
Klimaplan Hordaland	100 000
Eigeninnsats prosjektleder Nordhordland Utviklingsselskap IKS	100 000
Eigen finansiering kommunar Nordhordland	100 000
SUM	600 000